

I møte med motstand

Matteus 11,1–30

Vers 11,1 er ein overgang frå tala Jesus har helde, på same måte som i 7,28–29; 13,53; 19,1 og 26,1.

Reaksjonar på Jesus

Frå vers 2 er Jesus ute blant folket igjen. Dr Case-Winters har gjeve kapittel 11 og 12 ei felles overskrift: «Møte med motstand». Vi får sjå forskjellige reaksjonar på Jesus:

- (1) Dei som gjerne vil tru, men opplever tvilen.
- (2) Dei som avviser Jesus og ikkje vil ha noko med han å gjere.
- (3) Dei som er direkte fiendtlege og aktivt motarbeider han.

Dr Case-Winters snakkar om eit ynskje som mange kristne uttrykkjer: Om vi berre hadde kunna vore der og sett Jesus sjølv, så skulle vi ikkje tvilt. Men Matteus viser oss at det var ikkje noko lettare den gongen. Mange såg Jesus og det han gjorde, men likevel var der både tvil og avvisning.

Men Matteus snakkar også om kven han er, han dei tviler på eller ikkje vil godta:

- (1) Han står for det gode, og den som avviser han har felt ein dom over seg sjølv.
- (2) Han er den eine som profetane har varsla om, og å avvise han er endå meir alvorleg enn det var å avvise profetane.

Johannes døyparen

Vi møter fyrst Johannes døyparen som ein som tvilar. Han har sjølv opplevd motstand, og har hamna i fengsel. Og Matteus sine lesarar veit allereide at han vart drept, noko Matteus fortel om i kapittel 14. Motstanden har fått

Johannes til å tvile. Og han sender lærlingane sine med spørsmål til Jesus: «Er du den eine, store, han som profetane har varsla om?»

Jesus viser til gjerningane sine. Dei er både gode og mirakuløse, dei stemmer overeins med profetiane (Jes 35,5-6). Jesus er så absolutt den eine.

Gjerningane hans vitnar om han, slik vi også høyrer om i Johannes-evangeliet (Joh 5,36). Også Heb 2,4.

Så snakkar Jesus om Johannes. Han har også møtt motstand, i høgste grad, slik Jesus også møter motstand, og til slutt vil måtte dø, som Johannes. Og som med Jesus sjølv, er det ikkje nokon kven som helst dei gjer motstand mot. Johannes er den Herrens bodberar som også hadde vorte varsla om i profetiane, slik Jesus sjølv har vorte varsla om.

Johannes har også ein karakter som er langt edlare enn den til sine motstandarar. Han er ikkje noko sivstrå som bøyer seg i vinden, og vi er kanskje meinte å forstå: ulikt den feige og ettergjevande kong Herodes Antipas. Han levde heller ikkje eit moralsk forfallent liv i luksus, igjen i motsetning til kong Herodes. Han var for god for dei som gjorde overgrep mot han. Ja, Jesus erklærer at han er den største av dei som er «fødde av kvinner», som han uttrykkjer det.

Motstand mot himmelriket

Så kjem nokre gåtefulle ord: «Men den minste i himmelriket er større enn han». Alle i «himmelriket» er vel også «fødde av kvinner», så sant Jesus her snakkar om menneske. Kanskje er det tanken om «den nye fødsel» som her kjem inn, skjønt dette er noko som berre Johannes-evangeliet uttalt snakkar om. Tanken er kanskje at å forfylgje dei som er «fødde på nytt» er endå verre enn det var å forfylgje Johannes.

Vers 12 er endå meir gåtefullt, og forskjellige omsetjingar av det sprikar veldig. Ekspertane er tydelegvis ikkje einige her. Australske Dr Ann Nyland seier i sitt *The Source New Testament* at her er brukt to spesielle greske ord. Det eine er «bia», som kan tyde å tileigne seg nokon annan sin eigedom med makt, og hindre dei rettmessige eigarane i å ta i bruk sin eigedom. Det andre

er «harpazo», som kan tyde å plyndre eigedom. Kanskje ei omsetjing då kan verte:

«Frå Johannes døyparens dagar og til no vert himmelriket okkupert så dei som rettmessig skulle hatt det vert stengde ute, og okkupantane plyndrar det.»

Kanskje er tanken at mange som burde fått del i himmelriket vert skræmde vekk av valdsbruk mot dei. Valdsutøvarane sjølve vil ha eit anna slags rike, ikkje det som Jesus sto for. Vi ser at Jesus held fram (v16–19) med å snakke om korleis både hans eigen og Johannes sin bodskap vart avvist. Dei to var forskjellige, men for dei avvisande var ingen av dei bra nok, same kva dei gjorde.

Jesus som Visdommen

I vers 13 får vi ordet om at «Visdomen har fått rett, det stadfester gjerningane hennar.» Dette kan høyrest ut som ei bemerkning frå Matteus, heller enn noko Jesus sjølv seier. Jesus vert her identifisert med ein personifisert Visdom, som vi møter fleire stadar i GT. Særleg i Ordtøka møter vi Visdomen personifisert som ei kvinne, og det er kanskje ikkje så underleg, sidan både det hebraiske ordet for Visdom, «hokma», og det greske ordet «sofia» er hokjønnsord, grammatikalsk sett. I Ordtøka kapittel 8 står Visdommen som ei kvinne på toppen av høgdene og ropar ut til menneska at dei må lytte til henne.

Og kva seier så Visdommen? Jau, at vi må akte på Herren. Og Herren seier igjen at vi må gjere det gode og halde oss frå det vonde. Ordtøka 8,13:

«Å akte på Herren er å hata det vonde.
Eg hatar hovmod og stormod,
den vonde vegen og all svikefull tale.»

Eller ta Job 28,28:

«Å akte på Herren, det er visdom,
å venda seg bort frå det vonde, det er forstand.»

Dei som avviser Jesus

Og igjen er det Jesu gjerningar som viser at han er denne personifiserte visdom. Han gjer det gode, og dei som avviser han og forfylgjer han har dermed dømt seg sjølve. Dei har då plassert seg på den vonde sida, dei lytta ikkje til Visdommen og akta ikkje på Herren.

V20-24: Og innbyggjarane i landsbyane i Galilea er blant dei som slik har stilt seg på den feile sida. I Jesu mektige gjerningar hadde dei eit så stort vitnemål iblant seg som noko ein kunne forlange, men likevel lytta dei ikkje.

Dei som tek imot Jesus

V25-27: Dei som likevel tek imot Jesus, er dei små og underpriviligerte i samfunnet. Dette ser vi er eitt av dei gjennomgåande temaa i Matteus. Dei store i samfunnet vert forkasta, og dei fattige og forkomne vert framheva som dei som Gud er nøgd med. Himmelriket er eit opp-ned rike.

I v28-30 får vi ord som ofte er brukte til trøyst. Jesus kjem med denne invitasjonen nettopp til dei små og underpriviligerte. Kven er det som gjer at dei slit og har tungt å bere? Det er ganske sikkert dei religiøse leiarane.

I Matteus 23,4 får vi høyre om dei skriftlærde og farisearane at «Dei bind bærer som er for tunge til å bera, og legg på akslene til folk, men sjølve vil dei ikkje røra dei med ein finger». Dei har ikkje lært at Gud vil ha «miskunn og ikkje offer» (9,13; 12,7).

Dr Case-Winters ser her ei fortsetjing av temaet om Jesus som Visdommen. F.eks. Ordtøka 3,16-18:

«Langt liv held ho i si høgre hand,
i si venstre rikdom og ære.
På vegane hennar er det herleg å fara,
alle hennar stigar fører til fred.
Eit livsens tre er ho for dei som held fast ved henne,
lukkelege er dei som støttar seg til henne.»

